

Møtebok 5-25 Lykling sokneråd

Dag: 07.05.25 Tid: kl 19:30 Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem:

Laila Røksund, Sissel S. Gåsland, Lillian Thorsen, Sverre Leon Larsen, Silje Eriksen
Oldereide, Elisabeth Holme Knutsen

Vara:

Leif-Steinar Sakseide

Saksliste:

Sak 26-25 Godkjenning av referat og innkalling

Ingen merknader

Sak 27-25 Meldingar og skriv

Skriv frå Aksel Lygre med førespurnad om kyrkjevertar til gudsteneste i Moster Amfi 8. juni.

Sverre Leon og Lillian stiller.

Sak 28-25 Evaluering av konfirmantgudsteneste

Kjekk samling og nok kaker til alle 90 som var på gudstenesta.

Tentative datoar for 2026 – 23.04 eller 26.04

Sak 29-25 Konfirmasjon 11.05.25

Kappene er prøvd og merka, og alt er på plass til gudstenesta.

Sak 30-25 17. mai

Flaggborg – her manglar me ca 5 stk. Sissel tar kontakt med Våge skule

Kransenedlegging – Sissel høyrer med Våge skule om nokon kan bidra her

Alt til sjølve gudstenesta er på plass

Sak 31-25 Eventuell rapportering av behov for Lykling kyrkje til fellesrådet

Fellesrådet har utfordrande økonomi, og kan ikkje kjøpe inn eller betale for utstyr det er
trong for no. Soknerådet vel difor ikkje å senda inn behov denne runden.

Sak 32-24 Friluftsgudsteneste 1. juni

Gudsteneste der blant anna Soul Children deltek. I etterkant av gudstenesta legg ein
opp til aktivitetar ute med bålpanne, takke og liknande. Skulle veret bli dårleg, må ein
organisera aktivitetar innandørs.

Treng fleire frå soknerådet eller andre frivillige denne dagen.

Sak 33-25 Offersøknadar/kollekt til hausten

Saka blir utsett til neste møte.

Sak 34-25 Ymse

Laila har ilag med Øystein Lund Olafsen eit ynskje om å bruka meir musikk og noko annleis musikk i kyrkja under gudstenestene. Dette har ho også diskutert med prosten, som er positiv.

Soknerådet stiller seg bak dette, og stettar tanken om å sjå på høve til å introdusera kyrkjelyden for andre typar musikalske innslag og ny bruk av musikk.

Neste soknerådsmøte 4. juni

Ord til opning: Laila Røksund